

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Bergen HF

DATO: 23.01.2019

SAKSHANDSAMAR: Johannes Kolnes, prosjektleiar for innføring av ny LIS 2 og 3 utdanning i Helse Bergen

Ansgar Berg, leiar for Regionalt utdanningscenter i Helse Vest

SAKA GJELD: **Spesialistutdanninga av legar – status for innføringa av den nye modellen i føretaket**

STYRESAK: 07/19 O

STYREMØTE: 30.01.2019

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar statusrapporten til orientering.

Oppsummering og konklusjon

Prosjektarbeidet for nytt utdanningssystem for legar i spesialisering for (LIS 2 og 3) er i rute for å ferdigstille søknad om godkjenning av Helse Bergen, Haukeland universitetssjukehus som utdanningsstad per 1. mars 2019.

Fakta

Vi viser til styresak 94/18, der det er gjeve ei orientering om status for prosjektet per september 2018. Vi gjev her ei kort oppdatering av status.

Beskriving av framdrift for ny utdanningsmodell i Helse Bergen

- Kvar spesialitet har utarbeidd læringsaktiviteter motsvarande dei læringsmåla som er sett fram til månadsskiftet september-oktober 2018.
- Planane for kvart helseføretak i Helse Vest vart samkjørde i ein felles prosess i dei regionale fagutvala oktober 2018 for:
 - Tenestetider ved dei ulike sjukehusa innan dei ulike spesialitetane
 - Hospitering der tilsetning ikkje var turvande
- Ein har jobba med å få på plass ein utdanningsstruktur fram mot jul 2018 med:
 - Utdanningsansvarleg overlege. Her er status for oppnemning noko ulik fordi denne funksjonen har svært ulikt omfang i dei ulike einingane alt etter om ein har få eller mange LIS. I dei einingane med mange LIS har ein valt å utlyse funksjonen og tilsetjing tar lang tid av formelle grunnar.
 - Planar for internundervisning som er samkjørt med læringsmåla som har dette som læringsaktivitet, slik at ein dekker faget sin bredde på eit planlagt, avgrensa tidsrom (<3 år – LIS 2: 2 år, LIS 3: 3 år)
 - Definerde vurderingsformer for dei ulike læringsmåla
 - Planar for rettleiing 1 time/månad
 - Planar for Felles Kompetanse Modul (FKM) integrert i lokalt klinisk arbeid. Dette er læringsmål som går på kommunikasjon, etikk, forskingsforståing, kunnskapshandtering, kvalitet og pasienttryggleik, pasientopplæring, pasient- og brukarmedverknad, samhandling, lovverk og leiing, organisasjonskunnskap og systemforståing. Desse læringsmåla er nye og vi må halde fram med utvikling av desse over lengre tid. Grunnmuren er på plass og beskrive i sak frå fagdirektørmøtet i Helse Vest.
 - Forankringa av oppgåva som LIS utdanninga utgjer er god i leiargruppene på nivå 2. Vi må arbeide vidare for å oppnå det same på nivå 3.
 - Samarbeidet med tillitsvalde har vore godt, men vi vil styrke det med fleire faste møtepunkt framover i samband med implementeringa i dei kliniske avdelingane.

- Det regionale prosjektet har prosessar for å utvikle funksjonane i kompetanseportalen slik at den motsvarar det som trengs for smidig planlegging og dokumentasjon av utdanningsløpa.
 - Ein har også utarbeidd ein standard mal for samarbeid mellom klinikkar, avdelingar og sjukehus.
 - I tillegg har ein samkjørt arbeidet med søknadar til Helsedirektoratet om godkjenning som utdanningsstad for dei ulike spesialitetane.
 - Helse Bergen skal før 1. februar 2019 ha ferdig førsteutkastet til søknaden. Det vil gi god tid til revisjonar og ferdigstilling før fristen 1. mars 2019.

Vegen vidare

Det er ei klar forståing for at LIS utdanninga må utviklast vidare, både fagleg og organisatorisk. Helse Vest har difor bestemt at den regionale prosjektgruppa for LIS utdanning (Leger i spesialisering – Helse Vest) held fram i minst eitt år framover.